

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 2.


MARS 1995

28. ÅRG.



*Den stunda i Getsemane  
eg aldri gløyma kan  
då du låg skjelvande på kne,  
min Gud og Frelsarmann.*

## Levande von



Me ser så mykje vonløyse omkring oss i dag. Vonløyse og meiningsløyse er sjølve livsproblem for mange. Er det noko meining med tilværet?

Kjensla av meiningsløysa kan vende seg mot Gud. Kvifor grip han ikkje inn? Andre orkar ikkje å fara ut til dei ytste livshorisonantar med sine urolege spørsmål. Vonene til livet dreier seg stort sett om dagen i dag, utdanning, arbeid, utkomme og velferd.

Inn i denne vonløysa forkynner påskeevangeliet ny von. Det lyder ein lovsongstone både ved livsens inngang og ved livsens utgang, ved dåp og ved gravferd: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde». (1. Pet. 1,3).

Atterfødt til von! Med andre ord: Nyskapt von, von i fødselsgåve, eit Guds under.

I ei tid der mange virrar ikring på den religiøse «marknad» og leitar etter nye tilbod å prøva ut og setja si lit til, kan det vera ei freisting å by fram kristendom som restaurasjonsmiddel for gamle, utslitne voner. Det var vel det som hadde hendt i Korint. Kristus var blitt forkynt til von, men «berre for dette livet». (1. Kor. 15,19). Det er skral medisin for ei vonlaus verd å få endå ein «guru» som skal meistrare «dette livet».

Nei, vår von spring ut av «Jesus Kristi oppstode frå dei døde». Ved hans oppstode er liv frå den evige Gud komen inn i vår verd. Dette livet ovanfrå er det me set vår lit til. Den kristne von er påskedagens von, von om oppstode til nytt liv i Jesus Kristus. Me ser fram til ein himmel og ei ny jord. (Openb. 21,1.)

Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.

Se, i oppstandelsens tegn skal vi dø.

(Svein Ellingsen)

Lova vere Gud!

Audun Tang

## Kyrkja i Noreg 1000 år

Dette er ei nasjonal og lokal storhending. Jubiléet skal feirast på Moster i pinsehelga. Det vert lokale markeringar i alle kyrkjelydar i Norge. Når det gjeld Arna prestegjeld kjem ein attende til dette i seinare nr. av kyrkjelydsbladet. Her tek vi berre med ei førebels orientering slik at ein kan ta det med i planane kring pinsetid.

Arna Gymnas har alt hatt skulegudsteneste i samband med jubiléet.

1. juni vert det to skulegudstenester for Unneland og Indre Arna barneskular, og for Ådnamarka barneskule.

2. juni har 6. klassane ved Tunes, Lone og Garnes barneskule og 7. klassane ved Garnes Ungdomsskule skulegudsteneste.

**Helgetorsdag:**

Arna og Ytre Arna kyrkjelydar reiser til Haus kyrkje og har høgmesse saman med Haus kyrkjelyd. Reisa over fjorden vert i robåtar, småbåtar el. ferja. Etter gudstenesta vert det stemnesamling i Mjeldalen om veret er lagleg.

**Søndag før pinse:**

Ungdomens høgmesse i Arna kyrkje kl. 11. Denne søndagen vert det og gudsteneste på «Kirkebirkeland» i Birkeland sokn for det området som i gamal tid sokna til Fana. Det er kl. 16.

**1. Pinsedag:**

Jubileumsteneste i Ytre Arna og Arna kyrkje kl. 11. Trengereid kl. 19.

Etter gudstenesta i soknekyrkjene vert det feststemne i Hamre kyrkje. Vi reiser dit frå heile Arna og Åsane prosti. Dette er den eldste kyrkjestaden i Nordhordland (1023).

**2. Pinsedag:**

Tur til Moster for heile prestegjeldet. Ikkje gudstenester i Arna. Det er tinga skyssbåt, og elles reiser vi med privat-

bilar/buss. Her vert det påmelding. Påmeldingsfristar vert kunngjort i neste nr. av kyrkjelydsbladet. Det vert ikkje teke i mot påmelding før fristane er kunngjort.

Elles arbeider nemnda for jubileumsfeiringa i prestegjeldet med ei utstilling. Her er ein interessert i å få fram gamle dåpskjolar, brudeklede og andre kyrkjeklede. Er det nokon som kunne tenkje seg å låna ut slike eldre ting er ein takksam om de tinger kyrkjekontoret tlf. 55 24 04 00.

K.N.

### KIRKENS SOS

**KIRKENS SOS TRENGER NYE TELEFONVAKTER TIL DAG, KVELDS- OG NATTEVAKT**

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs.

Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten. Oppgaven er først og fremst å lytte, være et medmenneske for dem som trenger det.

Er du interessert?

Kontakt oss snarest.

Tlf. 32 58 45, mand.-fred. på dagtid.

### KIRKENS SOS

Senter for samtale over telefon søker medarbeidere til dag, kvelds og nattevakt.

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot Den Norske Kirke.

Ring 32 58 45 mand.-fred. på dagtid for nærmere opplysninger.

Tjenesten er ulønnet.

# Til høgmesse på Lanzarote

På ferietur til Lanzarote fikk vi anledning til å være med på høgmesse to lørdager. Kirken på Lanzarote er — som forøvrig i Spania — for katolikker, men den blir også benyttet av andre trossamfunn. Den ligger i Gamlebyen, og er en enkel liten steinkirke. Hver lørdag ettermiddag er det Skandinavisk gudstjeneste, og det er sjømannsprest Arne Stensager som forretter. Danske, svenske og norske røster forenet seg fint i sangen, som klang meget godt under de vakre murhvelvingene, med en akustikk som var vel så god som i Arna Kyrkje — og det sier vel ikke så lite! Nå vil noen innvende at vi reiser da ikke til Lanzarote for å gå i kirke? Da skal man ligge i solen og ha det gøy! Til det er å si at på vinterstid går solen her nede i havet rundt kl. 18, mens gudstjenesten starter kl. 18.30. Forøvrig kan det da også være «gøy» å gå i kirke? Stemningsfullt var det, og fine opplevelser for oss som fikk være med om dette.

Stensager fortalte ved kirkekaffen om menigheten — som ligger under Bjørgvin Bispedømme, og Per Lønning hadde vært på visitas mens han var biskop.



Han kunne ellers opplyse at de Skandinaviske gudstjenestene varer fra oktober til ut april. Resten av året var han i Mandal. «Bedre kan man ikke ha det — mente han — enn å være på Lanzarote om vinteren, og på Sørlandet om sommeren»!

*Johannes Eriksen  
Espeland*

## Gravskjending i Arna

Diverre har det vore gravskjendarar på ferde i Arna. På Mjeldheim kyrkjegard er krossen på 27 steinar reven av og stolen. Dei fleste av desse steinane står i Felt F. Saka er meldt til lensmannen.

Det er tragisk og skammeleg at slikt skjer. Det vitnar om manglande respekt både for døde og levande. Vi hadde vona at nett kyrkjegarden kunne vore spart for slikt åtferd. Sidan det er krossen som er fjerna ser ein ikkje bort frå at det er personar med satanisthaldningar som står bak. Dette veit ein ikkje, men anten det er trongen for å vise seg, eller det er medvete val av negative verdiar som ligg bak, det er like simpelt i alle fall. Ein vonar folk veit å setja ord på dette i møte med slike haldningar. Det bør takast

opp i heimane, skulane og andre fora der det er viktig å markera verdiar.

Om det er nokon som kjenner til kven som står bak, vil eg oppmode om at det vert teke kontakt med lensmannen. Djevelskap bleiknar lett i dagsljuset. Det er viktig at det vert rydda opp slik at slikt ikkje så lett gjentek seg.

På kyrkjekontoret og kyrkjegardskontoret i Arna ligg lister over gravminne som er skjenda. Ein kan ta kontakt for opplysningar.

Så kan ein berre oppmoda pårørande om å reparera skaden. Kanskje er det ein tanke å nagla metallkross til steinen, eller rett og slett få steinhoggaren til å hogga den inn i steinen. Då er det i alle fall ikkje så lett å stela den.

K.N.

# Borna sin misjonsdag i Ytre Arna kyrkje



*Born frå Haugland S-klubb med flagg frå misjonslanda.*

I mange år har ein søndag i februar vore markert som «Borna sin misjonsdag» i Ytre Arna kyrkje. Annakvart år har Den norske Santalmisjon og Det norske Misjonsselskap vore med oss.

I år var det Santalmisjonen sin tur, og vi hadde besøk av misjonær Eli Skåland Tveitane, som saman med mannen har vore misjonær i Mali i mange år. Ho tala ut frå dagens tekst, og fortalde frå Mali på ein svært engasjerande måte.

Ytre Arna barne- og ungdomskor song.

Ei gruppe born frå Haugland S-klubb var med og bar inn flagg frå landa Santalmisjonen arbeider i. S-klubb er barnearbeidet til Santalmisjonen. Barnekoret og S-klubben song og ein song frå Mali som Eli Tveitane hadde lært oss.

Etter gudstenesta samlast vi til kyrkje-kaffi/saft i kyrkjelydshuset. Der fekk vi og høyra meir frå Mali.

Ein fin dag, synest vi som var med på dette. Det er viktig at borna alt frå dei er små får kjennskap til og lærer å bli glad i misjonen.

## Innlegg fra T. Reistad

Kyrkjelydsbladet for Arna  
5260 Indre Arna

En føler trang til å kommentere notisen på side 6 i nr. 1 -95 om tekstilar i Arna kyrkje. Det får ikke hjelpe at det er tidligere biskop i Bjørgvin som har satt dette i gang!

Er vi ikke inne i en farlig utvikling; der vi er mere opptatt av ting og disse tingenes utseende enn av de mennesker vi skulle ha ansvar for? Jeg har følelse av at dette gjelder «heile fjøla».

Vi ser det i Bergen der vi er mere opptatt av å skaffe byen en «storstue» på Torgalmenningen og i Olav Kyrresgate, enn å beholde et godt og trygt miljø og hjelp til barn, unge og eldre. Vi ser at man legger ned skoler, skaper utrivsel og utrygghet med påfølgende krim- og mobbetendenser for de som «faller utenfor». Man omdefinierer hvem som skal stå og ikke stå på venteliste til alders- og sykehjem, slik at «terrenget passer til kartet» og ikke omvendt. Samtidig reduseres hjemmesykepleien og hjemmehjelpen.

Skal dette bli framtiden innen menighetsarbeidet også? Jeg ser at man allerede er kommet til kr. 20.000 bare i forberedende tiltak. Hva kunne menigheten ha utrettet for barnarbeide, ungdomsarbeide og hjelpetil-tak for eldre i en situasjon der vi ser at kommunen prioriterer tunneller og «storstue» istedet for å «kaste av i de nærmeste krav». Var det ikke en større oppgave for oss her i Arna heller å gå inn for å dempe skadevirkningene av den kommunale mangel på gang-syn og feilprioritering?

Jeg tror vi alle må våkne opp og se at vi alikevel ikke er i baronens seng, men midt inne i en samfunnskrise der alle krefter, ikke minst kirkens, må settes inn for å bevare vår sans for nærhet og medfølelse/medmenneskelighet og heller la de «verdslige» ting bli liggende til så lenge.

(I dag er man opptatt av at man har det så mye bedre i småkommuner enn i bykommuner, gad vite om vi ikke her er ved ondets rot? Det er så lett å bevilge penger til andre formål med høy prestisje såsom utsmykning «kultur» o.s.v. At midlene først og fremst burde brukes på mennesker er ikke lenger «in» i bykommunene!)

Thomas S. Reistad

## Kyrkjetekstilar

I dette nr. av kyrkjelydsbladet kjem Thomas Reistad med ein reaksjon på at soknerådet vil bruka midlar til tekstilar i Arna kyrkje. Mykje av det Reistad skriv vil sikkert mange seia seg samde i.

Når det gjeld hans understreking av kor viktig det er å satsa på barnarbeid, ungdomsarbeid og arbeid for eldre, kan ein berre gje si tilslutning til det. Soknerådet må vurdera kva ein skal bruka midlar til. Difor ville ein ikkje nytte ordinære midlar frå soknekassa til tekstilar. Om det var nokon som kunne tenkje seg å gje ei gåve nett til dette ville ein vera takksam for det.

Elles dreier dette seg ikkje om råflotte saker. Det er ordinært kyrkjeutstyr som ein finn i dei fleste kyrkjer. Tekstilar til prekestol og lesepult kostar kr. 20.000,- pluss moms ferdig levert.

Det ligg eit fint engasjement både for samfunn og kyrkjelyd i det Reistad skriv. Han minner oss om noko viktig.

Med helsing Kjell Nese

## Innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp

Tirsdag den 4. april i Indre Arna og onsdag den 5. april i Ytre Arna vil det bli holdt en innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp.

Innsamlingsaksjonen er landsomfattende og markerer avslutningen på Kirkens Nødhjelps årlige fasteaksjon. Den vil bli arrangert som en dør til dør aksjon både i Indre og Ytre Arna. Og konfirmanter og andre ungdommer i menighetens ungdomsarbeid vil være bøssebærere.

De vil bli utstyrt med innsamlingsbøsse, identitetskort og får hvert sitt område å gå i. Bøssebærerne vil komme rundt til husstandene engang mellom kl. 18.00 og kl. 21.00.

Vi oppfordrer alle til å ta vel imot dem og å bruke denne anledningen til å vise solidaritet med verdens fattige.

Innsamlingskomitéene i  
Indre og Ytre Arna

## Dette betyr påsken for meg




Eli Mohn:

— Fra jeg var barn har fjell, snø og skitur vært sterkt knyttet til påsken. Det har gitt meg fine opplevelser og mye glede. Slik er det fortsatt, men alt det blekner mot det jeg får når jeg tar del i

den kristne påskefeiringen:

Skjærtorsdag med nattverd, Langfredag med meditasjon over Jesu lidelse for vår skyld — og så lovsang sammen med kyrkjelyden på påskedag! Det gir påminning og fornying i troslivet og kristenlivet mitt.

«Guds sønn har vært her nede og elsket oss til Gud».



Ottar Hope:

— Påskehøgtida er ei god tid, med ferie frå stress, kav og kvardagsstrev; skitur i fjellet, samvær med familie, og tradisjonar som gjer meg glad og gjev krefter til kvardagen. Men det er også ei tid

til ettertanke, der samling om Guds ord og bøn, åleine og i fellesskap minner meg om kva det har kosta å frelsa meg. Tankane går også spesielt til Bangladesh i påskehelga. Der vart vi vekte i firetida om morgonen første påskedag av glade ungdomar frå kyrkjelyden. Dei kom syngjande og jublande med trommer og forkynte med glede: «Jesus har stått opp. Han lever!» Dette er det største i påskebodskapen for meg: Vi har ein levande Frelsar!

Kjell Martin Myhr:



— Golgataofferet er fundamentet i mi kristne tru. Dette gjer at påsken eigentleg betyr alt for meg. Jesus tek på seg alle mine synder. Påsken førte og til at eg får koma like inn for åsynet til

Gud, og drikka av den utøymelege kjelda hans. Jesu oppstode gjer at eg har himmelen i vente.



Kristin M. Kvalvåg:

— Påsken er en tid med leirer og fri fra skolen. Men for meg er det også en tid hvor jeg tenker mer enn ellers på det som skjedde for nesten 2000 år siden. — At det var en som døde og stod opp igjen for meg! Påsken betyr evig liv!

# Vinterfestivalen '95

Helgen 27.-29. januar var rundt 600 ungdommer samlet på festival på Sotra. Denne festivalen arrangeres hvert år av Bjørgvin krets — KFUK/KFUM. Fra Arna reiste det et par stykker fra Arna Tensing. Disse hadde en kjempeflott helg. Tema for festivalen var FRIHET I EN LITEN BOK. Boken er Bibelen og frihet ... det fikk iallefall disse ungdommene et svar på hva er.

Festivalen åpnet med et utrolig åpningsshow som bestod av mye sang og musikk og litt drama. Seinere var det fotballturnering, der hvert kor stilte med et lag. Arna røk dessverre ut etter første kampen.

Lørdag formiddag var det bibeltime ved Rune Larsen. Han snakket om etikk og rusmidler og oppfordret ungdommen til å ta et avholdsstandpunkt i solidaritet med alle dem som ligger under for misbruk. Etter bibeltimen var det seminarer der en kunne velge mellom mange spennende tilbud. Film, idrett, drama, førstehjelp osv. Senere på kvelden var det tid for marked. Målet var å samle inn mest mulig penger til tensingarbeidet i Estland. Her var det ingen grenser for hva folket fant på. Noen flettet håret, masserte nakken din osv. Alt i alt kom det

inn ca. 5-6.000 kr. til tensingarbeidet i Estland.

Lørdagskvelden ble avsluttet med Sceneprell der de ulike tensing-korene opptrådte med sang og drama. Etter sceneprell var det en fin gospelnight.

Søndag formiddag var det Ung messe, litt annerledes enn en vanlig gudstjeneste. Syndsbekjennelser og forbønnen var bl.a. utformet av ungdommer.

Her sluttet vinterfestivalen for 1995, og Arnas utsendte i '95 oppfordrer alle ungdommer i Arna til å bli med på Vinterfestival i -96.

- Synnøve -

## INFORMASJON:

KERYX — Øving kvar torsdag kl. 19.00-21.00 i Kyrkjelydshuset i I.A.  
NATTKAFEEN — Kvar siste lørdag i måneden i Kyrkjelydshuset kl. 21.00.  
BETANIA — Kvar fredag kl. 18.00: Kor. Kl. 19.30: Y-ungdom.  
KRIK: Kvar onsdag på Arna Gymnas 15-18 år kl. 18.00. 18 år og oppover kl. 19.30.  
HELGA 31.3.-2.4.: Hyttetur til Kvamshaug.  
ARKEN: Kvar fredag kl. 18.30-22.00 i Kyrkjelydshuset.

## Kyrkja i Noreg 1000 år Gudstenesteleg markering ved Arna Gymnas

2. mars var det markering av 1000 års jubiléet for elevvar og tilsette ved Arna gymnas. Sidan dette er ei kristen markering, tykte me det var sjølvsagt å leggja tilskipinga til kyrkja i Indre Arna.

Føremålet med tilskipinga var fleirsidig. Ein måtte markera den historiske hendinga då Olav Trygvason steig i land på Moster, heldt gudsteneste og sidan let det byggjast gudshus der. Det var og viktig å markera kyrkja si søge gjennom desse tusen åra, men det viktigaste var likevel å visa ei kyrkje som fungerer i dag og peika på kva bodskap som blir forkynt.

For å ivareta alle desse aspekta, valde me å halda ei gudsteneste med dei innslaga som høyrer til den vanlege liturgien, ein liturgi som skil seg lite frå den som blei brukt då kristendomen kom til landet.

Salmane som skulle syngjast, blei valde ut med tanke på jubiléet.

Som inngangssalme song me Petter Dass sin salme: «Herre Gud, ditt dyre navn å æra», dette er ei salme som representerer kulturarven vår, og ein av våre eldste norske salmar.

For å markera at kyrkja er universell, song me den gamle irske salma «Deg å få skoda», denne salma er skreve i Irland på 900-talet, så kanskje har dei første kristne munkane som kom til landet kunna denne salma.

Seinare song me den vakre engelske salma «Amazing grace» («O, nåde stor») og etter at me hadde lese Misjonsbefalinga, song skulekoret to afrikanske salmar.

Kyrkja i Noreg er ein del av det kristne fellesskapet, men ho er og Evangelisk/Luthersk. Ei av dei mest kjente salmane frå denne konfesjonen, er vel Luther si salme, «Vår Gud, han er så fast ei borg», difor tykte me denne salma høvde godt.

At fedrelandssalma «Gud signe vårt dyre

## Dei rike fattige

Tekst: Lene Haugerud

— Vi treng eit nytt menneskesyn, seier Grethe Matre, leiar for Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1995.

— I vår del av verda graderer vi ofte menneska etter kor rike dei er og set «oss rike» opp mot «dei fattige» legg ho til.

Temaet for årets fasteaksjon er «Dei er fattige, er dei likevel rikare enn oss?» Det er ikkje eit forsøk på å romantisere fattigdommen, men ei utfordring til å tenke gjennom eigne verdiar.

### Fattig og rik

Grethe Matre meiner at dei fleste er altfor låste i si oppfatning av orda «fattig» og «rik».

— Kirkens Nødhjelp tar ein sjanse i årets fasteaksjon fordi ordet rikdom altfor ofte er knytt til materielle goder. Og då kan det jo verka uforståeleg med ei innsamling til nokon som er «rikare enn oss».

### Problemet — det er oss

— Vi ser ikkje oss sjølve som ein del av problemet i det heile. Det er jo dei menneskeskapt omstenda som gjer at så mange lever under dårlege forhold. Som historia har skuld i, og som vi er ein del av, held Grethe Matre fram og legg til at sjølv om det ikkje var vår skuld i startfasen, kan vi ikkje skuve frå oss ansvaret nå.

fedreland» skulle avsluttá messa, tykte me var sjølvsagt. Tekstane me nytta ved dette høvet, var salme 8, Matt. 28, 18-20 og frå Snorri Sturlasons. Heimskringla om Olav Trygvason si vitjing på Moster.

Sokneprest Nese valde ei tekst frå Bergpreika i talen sin «Elsk fiendane dykkar».

Det vart ei høgtidssam stund i kyrkja. Det var ein vakker prosesjon leia av ein elev som har eit gamalt ortodoks kors frå Etiopia, organisten spelte ein ny melodi komponert særskilt til jubiléet, elevkoret song afrikanske salmar med stor innleving, og elevvar frå skulen deltok med messingblåsarar både under salmesongen og med ei eiga avdeling.

Sokneprest Nese held preika, der han gav eit tilbakeblikk frå kyrkja si søge i Noreg, og peika framover på kyrkja si rolle idag, og kristendomen si framtidsvon.

Når ein legg til at det var eit svært vakkert ver som ramme omkring det heile, skulle alle kunna gleda seg over denne høgtidinga.



Fasteaksjonen får difor eit dobbelt mål. Fordi nesten alle norske kyrkjelydar er involverte, er det eit godt høve til å drive folkeopplysnings- og haldningsarbeid i den rike delen av verda. Pengane som vert samla inn har også mykje å seie. Økonomisk hjelp til fattige land gir menneske høve til å leve eit fullverdig liv og bruke alle sine evner.

### Dei fattiges rikdom

— Dersom dei fattige er rike, er det ikkje fordi dei er fattige. Fattigdommen gjer ingen rike, han berre tar frå dei sjansane deira. Men ved å betre den materielle situasjonen til kampen for å overleve kvardagen lettare og dermed kan dei fattiges rikdom få utfalde seg, forklarar Grethe Matre.

I fasteaksjonen ønskjer Kirkens Nødhjelp å rette søkjelyset på gleda, mangfaldet, optimismen, livsmotet, gjestfridommen og vennskapen i den tredje verda.



Grethe Matre.



## Eldrefest i Ytre Arna

Soknerådet og Saniteten i Ytre Arna har lang tradisjon for å arrangere en fest for de eldre i Ytre Arna. Den pleier vanligvis å komme et stykke ut i det nye året, og det skjedde også denne gang. Festen ble ledet på en fin måte av Eli Mohn og Tor Oddvar Holmefjord. Taleren kom denne gang fra Den Norske Sjømannsmisjonen/Norsk kirke i utlandet og han het Terje Bjørdal. Han orienterte dessuten om fire utenlandsreiser som Sjømannsmisjonen arrangerer i -95. Interesserte kan ta direkte kontakt med kontoret til Sjømannsmisjonen i Bergen for nærmere informasjon.

På eldrefesten hadde vi et variert program. Barnekoret i Ytre Arna kyrkjelyd sang og elever fra sjetten klasse på Ytre Arna skule framførte en bibelpantomime under ledelse av vår organist Siri Brunvoll. Eli Mohn sto også for opplesning. Etter maten var det tid for bordkonkurranse. Arne Musikkforening var også denne gang med og spilte for oss. Dessuten spilte Daniel Hansen på trekkspill.

Det er en fin tradisjon som holdes igang for de eldre i Ytre Arna. Vi takker her Saniteten og Soknerådet for at det også denne gang ble en eldrefest.

Trygve Johansen

Tirsdag 4.4. i Arna og onsdag 5.4. i Ytre Arna

## DÅ HAR DU SJANSEN!

Denne dagen vil du få besøk av konfirmantar og andre i Arna som samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Det er fasteaksjonen som vert avslutta med innsamling av midlar til ei rekke prosjekt i den tredje verda.

Kirkens Nødhjelp er eit redskap som DU kan nytte for å vere med i arbeidet for ei meir rettferdig fordeling av godene. Kirkens Nødhjelp med alle sine frivillige i kyrkjelyden i Arna står til disposisjon for at DU skal kunne vere med på denne store SOLIDARITETSAKSJONEN.

Eg har sjølv vore på rundreise i det sørlege Afrika og sett at midlane vert nytta til det

beste for ei mengd menneske som er i ein vanskeleg situasjon p.g.a. krig, fattigdom, undertrykking, rasediskriminering osv. Det er menneske som ikkje har hatt noko anna val og som no treng at vi ser dei og gjer noko.

«Det de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg». Matt. 25.40.

Lukke til med fasteaksjonen i Arna!  
Varm helsing  
Eivind Hansen  
distriktskontakt Kirkens Nødhjelp

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11. 5007 BERGEN

DØGNVAKT 55 32 55 50

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23.



Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris.

## Pengene eller livet (II)

Av Trygve Johansen

I siste Kyrkjelydsblad sto det også en artikkel som het Pengene eller livet. Der skrev vi om vårt personlige ansvar for det forbrukersamfunn vi lever i. Individualettikken er det redskap som kan hjelpe oss til å komme ut av markedskreftenes nett, derfor må vi igjen begynne å tenke personlig om vårt forbruk. Disse personlige tanker må føre til handling, så vi kan tørre å leve annerledes i vårt forbrukersamfunn.

Vi vet alle sammen nok om forbrukerproblemen, men hvordan skal vi handle i hverdagen? Det handler om de mange små veivalg for det enkelte mennesket. Den enkelte må gjøre sitt her og nå. Det er saken. Det er fullt mulig å forandre på våre innkjøpsvaner, så vi kommer inn i en mer etisk forsvarlig retning. Når mange mennesker gjør det, kan vi etter hvert starte en bølge som påvirker de sterke markedskrefter. Vi vil ikke få noen syalig forandring hvis ikke oppbruddet kommer fra enkeltmennesker som tar ansvar. Vi trenger en folkebevegelse der Per og Kari daglig tar små skritt i riktig retning.

Mennesket er særdeles tilpasningslyktig. Når vi har lite, så klarer vi oss med det. Får vi flere ressurser, så blir samtidig våre behov større. Vi som bor i et av verdens rikeste land, har lett tilpasset oss vår høye levestandard. Dette er dypsett skremmende, siden vårt overforbruk utarmer moder jord. Overforbruket ødelegger livsbetingelsene for mennesker i den fattige delen av verden, og dessuten kan det også ødelegge framtiden for våre egne barn og barnebarn. Ekspertene har forlenget gitt uttrykk for at vi er i ferd med å etterlate oss en utarmet jord, en jord som tynges av alder og

som viser tegn på at den begynner å bli mettet av dager. Når det er slik, så kan ingen fri seg fra sitt personlige ansvar, særlig ikke vi som bor i den vestlige del av verden.

Siden jorden er kommet i økologisk ubalanse, er vi blitt tvunget til å tenke igjennom vår framtid. Hver enkelt person må tenke nye tanker om sitt personlige forbruk, hvis vi skal klare å løse jordens problemer. Vi må kort og godt forbruke mindre på oss selv, ellers overfører vi bare ressursproblemen til den fattige verden og våre barnebarn. Guds tanke er at jordens ressurser skal komme alle mennesker tilgode, uansett hvor de bor på vår jord. Vi har ikke lov til å forbruke de ressurser som skulle komme våre etterkommere tilgode. Dette er vårt individuelle ansvar idag.

Vi fortsetter artikkelen i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.

### Vinterleirer på Kvamskogen

Skiferier med kristent innhold!



For hele familien

8. - 12. mars: Familieleir  
12. - 16. april: Familieleir

For ungdom og barn

3. - 7. mars: Skiweekend. 7. kl. og eldre  
24. - 26. mars: Horisontleir. 4. - 7. klasse  
7. - 11. april: Netverksleir. 18 år og eldre.

For mer info: Ring Det Norske Misjonsselskap,  
Bergen krets: tlf: 55 31 00 61.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

- 08.01: Trym Even Dimmen Ellingsen, døypt i Fana kyrkje.  
15.01: Daniel Mjelde, Thomas Furubotn, Martin Chruickshank Vatle, Linn Anita Haugland, Malin Njaastad Angell, Mette Holm.  
15.01: Mari Halsøy Leknesund, døypt i Ytre Arna kyrkje.  
21.01: Lars Petter Romslo Teigen, Dan Inge Romslo Teigen.  
22.01: Bernhard Skulstad, døypt i Trengereid kapell.  
29.01: Leif-Kjetil Nordanger Mjelde, Thomas Angell Sivertsen, Marte Knutsen Haukeland, Tonje Indrehus.  
05.02: Cecilie Blomberg Garvik, Erik Gulbrandsen Bøthun, Henrik Espeland.  
05.02: Stine Bøe Bertelsen, døypt i Ask kirke.  
12.02: Charlotte Ekse Lindkvist.  
26.02: Stian Bjørndal, Joachim Nordbø, Tobias Kristensen, Matias Boge, Camilla Trefall, Julie Kippersund Bratland, Lena Bordvik, Erlend Kvam.  
12.03: Kai Ove Skage, Anders Drangevåg, Kristian Navarro Småland, Ragnhild Borge, Jørund Takvam Bjørndal, Jørgen Opedal Schrøen, Christer Børve.

#### Ytre Arna sokn:

- 05.02: Ole-Andreas Sjo Johannessen, Patrick René Amundsen, Karoline Hjortland Bruvik.  
26.02: Espen Morken Seim, Hallvard Songstad, Henriette Løland Rasmussen, Nathalie Ynesdal Thunestvedt.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 17.09: Maurizio Dioli og Berte Marie Ulveseter, Takvam kapell — kirkelig vielse.

se. Vigde 22.02-94 i Bangkok, Thailand.

- 31.12: Frode Baklien og Elisabeth Livden, vigde i Johanneskirken.

### Døde

#### Arna sokn:

- 08.01: Morten Mostervik, f. 1905.  
22.01: Olav Martin Eide, f. 1915.  
27.01: Kari Stavenes, f. 1897  
29.01: Klara Marie Thunes, f. 1911.  
01.02: Dagny Johanne Verlo, f. 1906.  
09.02: Johannes Nilsson Tunestveit, f. 1924.  
24.02: Brynjulf Bertelsen, f. 1908.  
24.02: Peder Nilsen Neset, f. 1904.

#### Ytre Arna sokn:

- 14.01: Harald Bruno Borg, f. 1929, gravlagd frå Loddefjord kapell.  
02.02: Klara Oliva Rivenes, f. 1915.  
20.02: Ingeborg Fjellanger, f. 1909.

### Ofringar

#### Arna sokn:

- 15.01: Kyrkjelydsarb. .... kr. 2.032,-  
22.01: IKO ..... kr. 3.308,-  
29.01: Kyrkjelydsarhuset ..... kr. 3.280,-  
05.02: Israelsmisjonen ..... kr. 3.395,-  
12.02: Bibelmisjonen ..... kr. 2.600,-  
12.02: Bibelmisj. Fellesm. .... kr. 4.804,-  
18.02: Kyrkjelydsarb. .... kr. 5.226,-  
26.02: Kyrkjelydsarhuset ..... kr. 3.544,-  
26.02: Kristenrussen ..... kr. 680,-  
05.03: KFUK-KFUM ..... kr. 1.673,-  
12.03: Menighetsfak. .... kr. 2.708,-

#### Ytre Arna sokn:

- 15.01: Diakoniutv. i Y.A. .... kr. 1.248,-  
29.01: Kyrkjelydsarhuset ..... kr. 1.370,-  
05.02: Santalmisjonen ..... kr. 1.292,-  
12.02: Det norske bibelselsk. .... kr. 4.063,-  
19.02: Kyrkjelydsarb. .... kr. 1.471,-  
26.02: Kirkens SOS ..... kr. 1.123,-  
05.03: Institutt for sjelesorg ..... kr. 926,-  
12.03: Menighetsfak. .... kr. 1.282,-

## Er du heime natt til 1. påskedag? Vil du vere med å syngje då?

I ein del år har me feira «Påskennattsmesse» i Arna kyrkje soleis også i år. Dette er ei heilt spesiell gudsteneste:

#### \* Det er den eldste gudstenesta

— som me kjenner. Ho går attende til 300-talet, og mykje av opphavleg liturgi er teke i bruk. Dei første kristne tok i bruk sundagen som sin heilagdag, fordi det var ein søndag Kristus stod opp frå dei døde. Sjølv sagt gav dei difor påskedagen stor vekt.

#### \* Det er ei midnattsmesse

— ei av dei få me har i vår kyrkje.  
\* Det er ei gudsteneste med mykje musikk.  
— og dei musikalske elementa er henta frå svært ulike musikalske tradisjonar. Ikkje minst finn me mykje «fint gammalt» her.

#### \* Det er ei svært visuell gudsteneste.

— mellom anna nyttar me mykje levande ljøs, og me tek i bruk heile kyrkjerommet.

\* Det er ei gudsteneste som er avhengig av eit kort!

— difor fylgjande frieri:

Vil du bli med å syngje påskennattsmesse? Me møtest til øving kl. 20.30 påskeaftan (15. april) i Arna kyrkje, der du får notar opp i hendene, og så øver me til gudstenesta som tek til kl. 23.00. Vil du vere med, men trur at du treng notane på førehand, ta kontakt med ein av dei underteikna.

Dersom du trur at du treng mat eller drikke til denne økta, ver gild å ta med dette sjølv ...

Så vel møtt, me gled oss og tek imot alle songarar med takk!

Beste helsing frå organistane dykkar:  
Siri Brunvoll

Tlf. 55 24 85 46 arb. 55 18 45 29 priv.  
Eli-Johanne Rønnekleiv  
Tlf. 55 24 04 00 arb. 55 32 07 90 priv

## VÅREN 1995

### Program for Betania

#### April:

- Lør. 01. Basar NLM  
Søn. 02. BUF. Audun Hjelvik. Søndags- skule.  
Tor. 06. Samemisjonen.  
Søn. 09. Samemisjonen.  
Tor. 13. Nattverdmøte.  
Man. 17. 2. Påskedag. Gudsteneste kl. 11.00. NLM kl. 19.30.  
Tor. 20. BUF.  
Lør. 22. BUF. Medlemskveld/Årsmøte.  
Søn. 23. Eldrefest kl. 16.00. Ole Abel Sven. Søndagsskule.  
Tor. 27. HIM.  
Søn. 30. BUF. Leiv Nesheim.

## Kyrkjeskys

### Haukeland/Unneland

2. april: Berit Haugsvær  
9. april palmesønd.: Sverre Myklebust.  
13. april skjærtors.: Odmund Skjoldal.  
14. april langfred.: Ingrid Hope.  
16. april 1. påsked.: Nils Minde.  
23. april Jens Hauge.  
30. april Berit Haugsvær.

## Bladpengar 1995

Vi skreiv i siste nummer av bladet at det fylgde med ein postgiroblankett for betaling av bladpengane for 1995. Ved ein feil kom denne blanketten ikkje med då bladet vart sendt ut. Blanketten kjem som vedlegg til dette nummeret av bladet. Bladpengane er på kr. 35,- pr. år, men dersom nokon vil betala meir, er vi sjølv sagt takksame for det.

## Møter

#### Ytre Arna bedehus:

- 09.04: Sangmøte.  
14.04: Møte — tale v/Alfred Helland.  
17.02: Nattverdmøte.  
19, 22.-23.4: Møter v/NLM. talar misjonær Årseth.

#### Haugland bedehus:

- 04.04: Samtalemøte.  
13.04: Skjærtorsdagsfest kl. 17.00  
17.04: Møte kl. 11.00.  
20.-21.4: Møter v/NLM. Talar misjonær Årseth.

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



**Kåre Bj. Hope**

**Tlf. 55 24 08 08 - Mobiltlf. 945 01504**

Står til teneste med alt ved dødsfall

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

## 90 19 80 hele døgnet

*Kommer også hjem for samtale.*

**J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23**



## KIRKENS SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag.

## RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS  
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B  
5230 Espeland  
Tlf: (55 24 00 83)

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Sturle Monstad, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Audun Stølås.

Redaktørnemnd: Klara Ulveseter, Sturle Monstad, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Frøydig SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna

**Tlf.: 55 24 00 68**

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.

## Kleveland A.S

Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

## Din lokale storbank i Arna!

## KREDITKASSEN

Filial Arna - tlf. 55 24 05 20

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**

## a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennor,  
også TV 2.

## Litangen Husholdningsservice, Garnes

**Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 02. APRIL** 5. s. i faste — Joh. 11, 45-53  
Arna kl. 11.00. Generalsekr. Danbolt. Nattverd. Takkoffer til søndagsskulekretsen.  
Arna kl. 16.30. **FAMILIEMØTE.**  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Hernes. Takkoffer til Bergens Søndagsskulekrets.  
Takvam kl. 11.00. Kap. Trygve Johansen. Familiegudsteneste i samband med kretsmøte i søndagsskolen. takkoffer til søndagsskulekretsen.  
Trengeid kl. 11.00. Familiegudsteneste v/kretssekr. Lavik i samband med kretsmøte i søndagsskolen. Takkoffer til søndagsskulekretsen.
- 04. APRIL** Trengeid kl. 19.30. Fastegudsteneste. Kap. Johansen.
- 07. APRIL** Arna kl. 09.30. Skulegudsteneste — Indre Arna skule.  
Arna kl. 12.00. Skulegudsteneste — Garnes Ungdomsskule.
- 09. APRIL** Palmesøndag — Joh. 12, 1-13  
Arna kl. 11.00. Prost Nese. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00. Rektor Karl Johan Hallaraker. Takkoffer til bibelskolen på Bildøy.
- 13. APRIL** Skjærtorsdag — Matt. 26, 17-29  
Arna kl. 11.00. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Gå ut senteret.  
Ytre Arna kl. 11.00. Prost Nese. Nattverd. Takkoffer til Kristenrussen i Hordaland sitt misjonsprosjekt.  
Takvam kl. 16.00. Prost Kjell Nese. Nattverd.  
Helseheimen kl. 16.00. Kap. Trygve Johansen. Nattverd.
- 14. APRIL** Langfredag — Luk. 22, 39-23, 46  
Arna kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Prost Nese.  
Ytre Arna kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Kap. Johansen.
- 15. APRIL** Arna kl. 23.00. **PÅSKENATTSGUDSTENESTE.** Nese/Brunvoll m.
- 16. APRIL** Påskedag — Matt. 28, 1-8  
Arna kl. 11.00. **HØGTIDSGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.  
Ytre Arna kl. 11.00. **HØGTIDSGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.  
Redningshytta på Gulffjellet kl. 13.00. Påskeandakt v/Jens Hauge.
- 17. APRIL** 2. påskedag — Apgj. 10, 34-43.  
Trengeid kl. 11.00. **HØGTIDSGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Nattverd.  
Betania kl. 11.00. Prost Kjell Nese. Nattverd.
- 21. APRIL** Arna kl. 19.00. **SAMTALEGUDSTENESTE.**
- 22. APRIL** Arna kl. 19.00. **BIBELSPEL.** Rodal/Nese.
- 23. APRIL** 1. s. e. påske — Joh. 20, 19-31.  
Arna kl. 11.00. **FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen og kretssekr. Ove Kjell Sakseid. Dåp. **KRETSMØTE BLÅ KORS BERGEN.** Takkoffer til Arna Kvite Band. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11.00. Prost Kjell Nese og kretsformann Dagmund Flaktveit. Takkoffer til Blå Kors.  
Ytre Arna kl. 19.00. **SAMTALEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen.
- 28. APRIL** Arna kl. 19.00. **SAMTALEGUDSTENESTE.** Rodal/Nese.
- 30. APRIL** 2. s. e. påske — Joh. 10, 11-16.  
Arna kl. 11.00. Bibelskulelærer S.M. Heitmann. Nattverd. Takkoffer til Bibelskolen på Bildøy. Dåp.  
Trengeid kl. 11.00. **KONFIRMASJON.** Nese/Rodal.  
Ytre Arna kl. 11.00. **KONFIRMASJON.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.